

Fra: oknordhordland@crm.safirweb.no
Sendt: 18.09.2023 14:45:07
Til: Postmottak Fedje <postmottak@fedje.kommune.no>
Emne: Orientering frå Opplæringskontoret

Denne e-posten ble sendt av Mongstad, Lillian Vabø fra Safir Web, et system som Opplæringskontoret for Nordhordland bruker.

Hei!

Her kjem ei kort orientering om kva som skjer.

Utviklinga på Opplæringskontoret

Opplæringskontoret har vakse gjamt og trutt opp gjennom alle dei åra eg har site som dagleg leiar.

Då eg starta i 2002, hdde me 40 aktive lærlingar under utdanning på hausten. No har me komme opp i 300 aktive lærlingar.

Så hurra for innsatsen de gjer for å utdanna nye fagarbeidrarar :)

Fylket ynskjer fleire medlemmar i prøvenemndene

Vestland fylkeskommune treng innspel for å få fyllt opp prøvenemnde for nest 4-års periode. Dei manglar medlemmar i dei fleste faga. Eg veit jo at me har mange dugande faglege leiarar og instruktørar ute i våre bedrifter. Så dersom de har eigna kandidatar som de kan gje fri utan lønn nokre dagar no og då for å gjera ein innsats i prøvenemnda, og desse kan tenkja seg å ta på seg oppgåva (lønn og køyring vert kompensert frå fylket), så send oss gjerne namn og kontaktinformasjon. Slik at me kan senda ei felles liste inn til fylket.

Takk for flott innsats

Me er stolte av å ha di bedrift som medlem. Eg vil nytta høvet til å takka for den flotte innsatsen som blir gjort rundt i bedriftene for å utdanna nye fagarbeidrarar. Det gjer seg ikkje sjølv, så de har grunn til å vera stolta av jobben som vert gjort.

Ta gjerne kontakt om det skulle vera noko

Elles vil eg ynskja Dykk ein fin dag vidare :)

Med venleg helsing

Lillian Vabø Mongstad

Dagleg leiar

lillian@oknordhordland.no

Tlf: 56 34 17 30

mob.: 908 53 341

www.oknordhordland.no